



Luster kommune



NYTT UNDER STOREN 2-16

Internavis for Luster kommune

Gode medarbeidar.

Sommarferien er over for dei fleste av oss. Me uffar oss litt over ferieværet sjølv om godværet dei siste dagane har hjelpt litt på humøret. Me brettar opp skjortearmane og tek tak på hausthalvåret.

Arbeidsoppgåvene framover er mange og varierte. Kommunereform vart ikkje noko serleg sak i Luster, heller ikkje trur eg det vert nokon ekstraomgang denne hausten her hjå oss. Men den saka er ei av mange saker som er eksempel på at det er omskiftelege tider. Direkte eller indirekte vil mange struktursaker som det vert arbeidd med og få konsekvensar for vår kommune.

Dei økonomiske rådevilkåra for kommunen vert ytterlegare svekka grunna tapte kraftinntekter og dårlegare inntektssystem for ein kommune som Luster. Dette vert ei utfordring og det ligg til rådmann å arbeide og stressa med denne saka. Innsparingar, effektivisering og omstilling er vorte ein del av kommunekvardagen og i Luster.

Omstilling innan pleie og omsorg er ei stor sak og målet er at me skal oppretthalde ei minst like gode teneste med mindre ressursbruk. Også på andre område må me på leit etter å realisere gevinstar ved å sjå på strukturar, organisere bedre, arbeide smartare og ta i bruk teknologi.

Det meste av den kommunale kvardagen er likevel meir som vanleg, årviss med faste gjeremål og aktivitetar i årshjulet til faste tider. Den kommunale kvardagen går godt, ordinær og vanleg drift skal fungere frå dag til dag, og det er kjekt å registrere at dette stort sett går utan større problem.

Ein vesentleg føresetnad for dette er at me har god og tilstrekkeleg bemanning og stort sett så greier me dette på ein god måte – sommarferien har me takla og me står godt rusta for nytt skule- og barnehageår. Så det er berre å ta tak!



Jarle Skarsten

Skulestart på Hafslo:




Skuleåret starta med ei flott samling i Samfunnsbygget med spente elevar, foreldre, personalet og ikkje minst ein kjempespent rektor. 219 elevar, 50 ansatte og 2 skular å vere "sjef" for, er noko eg gler meg til å jobbe med.

På opninga hadde me musikalsk underholdning av dyktige Norill Terese Norheim og Henning Lad.

16 fyrsteklassingar blei presenterte og rektor blei lært opp i PALS. Me hadde allsang med "Blåbærturen" og som avslutning på programmet blei ein og ein klasse presentert i lag med kontaktlæraren sin.

Ein flott start på eit nytt skuleår med ny skule!



PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune (fast tilsette),
perioden 05.04.2016 - 10.08.2016

Velkomen!

Landbruk og naturforvaltning:

Runar Hatlevoll – Fjelloppsyn

Luster heimeteneste:

Anne Britt Fredheim – Heimehjelp

Ilze Aboltina – Heimehjelp

Luster ungdomsskule:

Kristin Vee – Rektor

Håvard Takle Sanden – Lærer

Mara Nyhus – Lærer

Caroline Fagerheim – Lærer

Hafslo barne- og ungdomsskule:

Lene Therese Berge – Lærer

Annette Skarsbø – Lærer

Elin Hilleren – Lærer

Solvorn oppvekstsenter:

Gro Anita Røren – Lærer

Eva Vibeke Tangen – Lærer

Takk for innsatsen!

Hafslo barne- og ungdomsskule:

Kjell Ertesvåg – Rektor

Luster heimeteneste:

Svanaug Dvergedal – Sjukepleiar

Luster sjukeheimsteneste:

Kathrina Moe Duesund – Assistent

Anitha Elin Fossøy – Hjelpepleiar

Landbruk og naturforvaltning:

Are Endal Rognes – Fjelloppsyn

Eg lengtar

Eg lengtar mot fjellet i haustklår glans.

Eg dregst imot elvar i våryr dans.

Eg trivst uti skogen når vårnatta vaknar.

Når sommarsol søkk, er det havet eg saknar.

Eg dregst imot fjellet når storstormen bølger.

Eg trivst inni skogen når striregnet høljer.

Eg lengtar mot alle kvar gong eg er sliten

for saman med dykk får eg lov vera liten.

av Finn Sandum

Nye leiarar i skulen 2016:

Luster ungdomsskule:

Mona Bukve (t.v.) og Kristin Vee er tilsette som høvesvis inspektør og rektor ved Luster Ungdomsskule.



Kristin Vee er tilsett som ny rektor ved Luster ungdomsskule frå 1. august 2016.

Inneverande skuleår har Vee hatt stillinga som assisterande rektor ved skulen. Vee har elles ein brei utdannings- og praksisbakgrunn.

Ho er utdanna lærar, har hovudfag i pedagogikk og har vore rektor ved Kvam skule i Molde, leiar av PPT og undervist på både høgskule og ungdomsskulenivå.

Mona Kristin Bukve er tilsett som ny inspektør ved Luster ungdomsskule frå 1. august 2016. Bukve har lang erfaring som lærar ved Luster ungdomsskule. Også Bukve har ein brei utdanningsbakgrunn med mellom anna norsk, matematikk, KRLE og spesialpedagogikk i fagkrinsen. I tillegg har Bukve gjennomført vidareutdanning om skuleleiing, den såkalla rektorskolen.

Hafslo barne- og ungdomsskule:

Hilde Holte Selland er tilsett som ny rektor ved Hafslo barne- og ungdomsskule frå 1. august 2016.



Selland kjem frå stillinga som lærar ved Gaupne skule. Ho har brei og variert røynsle frå skulen

som faglærer, kontaktlærer, teamleiar og tillitsvald gjennom ei årrekke. Då Luster deltok i Utdanningsdirektoratet si satsing «Vurdering for læring», var Selland kommunal ressurslærer. Elles har Selland vore nettverkskoordinator for lokale fagnettverk i Luster sidan oppstarten og redaktør for den kommunale leseplanen. Dette skuleåret har Selland fullført vidareutdanning i skuleutvikling og organisasjonsbygging ved Høgskulen i Lillehammer.

Gunn Beate Thorsnes Lefdal er ny kommunal ressurslærer for den nasjonale ungdomstegsatsinga (UIU) i kommunen. Ho har og 20 % stilling på Oppvekst som rådgjevar tilpassa opplæring

Trude Sønnesyn er ny Olweus-instruktør i kommunen

Nye IKT lærlingar:




Jon Ivar Buene (t.v) og Tobias Sæthre starta 1. august som IKT lærlingar i Luster kommune. Dei skal gjennomføre læretida si hjå oss, og vil vere her fram til januar/februar 2018.

Ta godt imot dei når dei kjem for å hjelpe med "dataproblem"!

KOMPETANSE / REKRUTTERING

KVALITETSARBEID

ORGANISASJONSUTVIKLING



Endringar i administrativ organisering

Frå 01.08 er det gjort nokre organisatoriske endringar i sentraladministrasjonen.

Det er fleire grunnar til dette, men utløysande er kommunestyret sitt vedtak om endringar innan pleie og omsorg. Her er det mykje endring- og utviklingsarbeid som krev stor leiings og samordningskapasitet.

John Olaf Røhme, som har vore personalsjef, går derfor ut av den rolla og inn i rolla som kommunalsjef helse og omsorg. Det betyr at han innan tenesteområda helse, sosial og pleie/omsorg får rådmann sine delegererte fullmakter.


Knut Åge Teigen, som er tilbake etter farspermisjon, får tilsvarende rolle for skule, barnehage og bibliotek som kommunalsjef oppvekst.

Rådmannen dekkar sjølv opp dei andre tenesteområda, administrasjon, teknisk, næringsutvikling/ naturforvaltning og kulturområde samt stabseiningane.

John Olaf held fram i rolla som assisterande rådmann.

Stabseininga personal vert lagt direkte under rådmannen med Margunn Hillestad som fagleiar/koordinator. Lønsarbeidet m/tilhøyrande heimlar/stillingar vert flytta frå stabseining økonomi til personal. Fleire mindre tiltak og utviklingsarbeid vert det arbeidd vidare med.

Det er og , etter avgang, tilsett nye rådgjevarar på både økonomi og personal som tek til 01.10. og 01.11. Det er Berit Tandle Kroken og Olaug Marie Bjelde.



Framtidig tenestetilbod i Omsorgstenesta:

I møte 21. april i år gjorde kommunestyret eit vedtak i 11 punkt om framtidig tenestetilbod i pleie og omsorg (sak 28/16). Dei vedteke endringane gjev føringar for organiseringa, og før sommaren vedtok rådmannen ny administrativ organisering.

Sentralt i den nye organisering er at dagens to einingar - Luster heimeteneste og Luster sjukeheimsteneste - vert slege sama til eitt tenesteområde.

Namnet på dette tenesteområde vert Omsorgstenesta i Luster, og Kari Olseng Paulsen vert leiarsjef for omsorgstenesta.

Kari sin tittel vert Leiar av omsorgstenesta.

Omsorgstenesta i Luster vert organisert med følgjande 4 driftseiningar:

- Luster omsorgssenter
- Gaupne omsorgssenter
- Hafslo omsorgssenter
- Grandmo busenter

Det vil bli etablert ein eigen stab med kontor ved Gaupne omsorgssenter og det meste av vaskeritenestene vil i framtida bli gjort ved vaskeriet i Luster.

Det vil bli gjort ei ny vurdering av reinhaldstenestene med sikte på ei samla løysing med felles leiing. Sentralkjøkenet vert vidareført som i dag.


Dei 4 driftseiningane vil få eigne turnusar og det som i dag er "inne" og "ute" skal i størst mogleg grad integrerast i ein felles turnus i dei 4 turnusområda. Arbeidet med nye turnusar vil bli gjort denne hausten, og arbeidet vil starte med utarbeiding av eigne aktivitetsplanar per driftseining. Ein må i dette arbeidet vurdere tidspunkt for middag mm. Målsetjinga er at nye turnusar vert sett i verk frå 1. mars 2017.

I tillegg til aktivitetsplanar må det utarbeidast bemanningsplanar og det må her takast stilling til ønska/framtidig kompetansesamansetjing per driftseining. Ønskt kompetanse må sjåast i lys av vedtaket om det framtidige tenestetilbodet, tilsette sin kompetanse – og tilsette sine ynskje om framtidig arbeid.

I arbeidet med etablering av eit demenstilbod på Hafslo vil det i tillegg til eigen/intern fagkompetanse bli brukt ekstern spisskompetanse. Det vil og bli henta erfaringar frå andre kommunar i høve etablering av omsorgsplassar med heildøgns tenester.

Det skal gjennomførast ei ombygging ved Hafslo omsorgssenter og dette vil truleg starte mot slutten av august/tidleg september.

Utviklingsarbeidet som no skal gjennomførast vil bli samanfatta i ein eigen tiltaksplan som skal syne framdrifta i arbeidet fram mot start nye turnusar 1.mars 2017.



Organisasjonskart over den framtidige omsorgstenesta i Luster kommune

Flinke ferievikarar

løpet av sommaren er me avhengige av mange sommarvikarar/ferievikarar for at hjulet i Luster kommune skal gå rundt. Me er heldige som har så dyktige ferievikarar på mange område, og har teke ein prat med ein av dei, Andrea Cirotzki frå Hafslo. Andrea er 18 år, og har no starta opp att på Sogndal vidaregåande skule, for eit nytt skuleår.

Ho fortel litt om sommarjobben sin:

- Eg jobba 6 veker som buassistent på Hafslo omsorgssenter. Der jobba eg i vaskeriet og vaska klede til dei som bur på senteret, eg vaska romma, laga frukost og snakka med dei eldre på senteret. Det var min fyrste sommar på omsorgssenteret, tidlegare har eg jobba på Eikum hotel og på apoteket i Gaupne.

Me spør korleis det var å jobbe i Luster kommune.

- Det gjekk veldig bra. Dei var så hyggelege dei som tok imot meg, og gav meg god opplæring. Alle var trivelege kollegar og det var ein kjekk og koseleg jobb. Eg har planar om å utdanne meg til sjukepleiar. Då var dette ein god erfaring å få med seg, og etter sommaren vart eg sikrere på utdanningsvalet mitt. Andrea avsluttar med at ho gjerne kjem att til neste år.

Me vil gjerne takke Andrea og dei andre ferievikarane våre for kjempeflott innsats i sommar. Stor takk også til alle dei som er gode kollegar og lærermeistrar for dei unge som arbeider hjå oss i løpet av sommaren. De skal vite at me set stor pris på dykk alle saman!



Me har teke ein prat med Andrea Cirotzki, ein av mange dyktige ferievikarar frå sommaren.

Årshjulstiltak 2016



Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding
- Leiardialogen
- Brukarundersøking BHG
- Vernerunde
- Tertialrapport T1
- Vernerunde

Igangsette tiltak:

- Tenesteplan

Komande tiltak:

- Tertialrapport T2
- Introduksjonsseminar
- Budsjett og økonomiplan
- Medarbeidarundersøking
- Årsrapportering



Introduksjonsseminar

26 august vil alle nye (fast) tilsette bli invitert til eit seminar på kommunestyresalen.

Her vil mellom anna ordførar, rådmann og PO informere om kommunen som arbeidsgjevar.

Personal og organisasjon (PO) vil sende ut invitasjon til dei det gjeld i forkant.

Historisk lågt fråvær 2. kvartal 2016

Eit samla fråvær på 4,6% er særers bra. Det lågaste fråværet i 2. kvartal dei siste 10 åra.

Det er nedgang i langtidfråværet som gjev utslaget og barnehagane har den mest positive utviklinga med ein nedgang på 6,9 prosentpoeng.

Tidleg innsats gir gode resultat!!

